

# LEVERING AV REKNEKAPSBILAG

Vil du spare pengar på rekneskapsføringa? Lever rekneskapsbilaga regelmessig, ha orden i bilaga og skriv på bilaga kva dette gjeld. Les praktiske tips om korleis du kan gjere det.

## Fristar for levering av bilag

Regelmessig innlevering av rekneskapsbilag gjennom året gjev deg eit oppdatert rekneskap. Det gjev også ei jamn arbeidsbelastning som sparer oss for overtid.

### Fristar for levering av rekneskapsbilag

Bilag for månedene	2 mnd mva-termin	Års mva-termin
Januar – februar	20.03	20.05
Mars – april	20.05	
Mai – juni	05.08	20.09
Juli – august	20.09	
Sept.- okt	20.11	Sept-nov: 10.12
Nov. – des.	20.01	Des: 20.01

Merk at for års mva-termin vil me ha inn bilaga for:  
- september – november innan 10.12  
- desember innan 20.01

## Praktiske tips

### 1. Sortering av bilag

- Skriv betalingsdato på bankgiroen
- Legg faktura og tilhøyrande bankgiro sortert etter betalingsdato. Sorter etter måned.
- Legg kontantbilag / kassalappar samla i slutten av kvar måned

3290.05.90228	6 271,00	20.03.2012
Fakturanr: 50571 Kundenr: 11048		Nettbank 20.03
OLA BOWDE		
4352 KLEPPE		Klepp Rekneskapslag SA Postvegen 209
		4353 KLEPP STASJON
0000505719	6271 00 1	3290 05 90228

- Det skal alltid vera med bankutskrift for driftskontoen for kvar måned
- Brett bankutskrifta for kvar måned rundt bilaga for denne månaden, eller sett alt inn i ein ringperm

### 2. Bilag til alle transaksjonar på bankutskrifta

- Det skal vera bilag på alle innbetalingar og utbetalingar på bankutskrifta. Hugs å skrive ut kontoutskrifta ved bruk av nettbank!
- Private kjøp på bankutskrifta til driftskredittkonto kan merkast med "P"
- Dersom det ikkje er bilag til bankutskrifta, vil dette føre til meirarbeid og meirkostnad ved at me må etterlyse bilaga. Blir det etter slik etterlysning ikkje levert bilag, må me føre dette som privat utgift
- Alle må ha ein eigen bankkonto til privat bruk. Den treng ikkje førast i rekneskapet gjennom året

17.01.12	7334.05.05988, Bygg Miljø AS	P	-5.880,00	✓
17.01.12	Girobetaling KLEPP GARDSREKNEKAPSLAG Betalingsdato 16-01-2012		-16.412,00	✓
17.01.12	5346.05.05336, BLS		-5.988,00	✓
16.01.12	32902030785		-1.405,00	✓
19.01.12	32013672740	P	-348,00	✓

### 3. Skriv på kva bilaget gjeld

Dersom det ikkje går klart fram av faktura/bilag kva som er kjøpt og kor det er brukt, må dette skrivast på av deg. Du er best til dette 😊

Varenr.	Beskrivelse	Ref.	Bong	Lev.dato
62221	SPIRE SURFOR PLUSS 1	43	62221	1.06.10
DIV25	TRYKKSPRØYTE 5L 4007	49	Gris	9776 4.06.10
7320460518208	DELAVAL VASKEPUL.	49	KU	9776 4.06.10
7023771500305	GUMMIHANSKER	43	KU	9952 8.06.10
50731	VERNEBRILLE	43	KU	9952 8.06.10
DIV25	TOUCHDOWN PREMIUM 20	43	Gris SP. midt	9952 8.06.10
7031155110019	KRAFTVASK 1L	43	Ved likeh. Utleige hus	43241 8.06.10
7031155110019	KRAFTVASK 1L	43	KU	43241 8.06.10
7090004510103	KRELAN SPENESALVE M/	49	KU	10127 11.06.10
30035	SALT GROVT 25KG.	43	Gris	10215 12.06.10
11202	FRAKT KRAFTFOR 15-20	43	KU	10215 12.06.10
7046110083000	M.I.M. KOMBI MICRO	43	KU	10215 12.06.10
4013576179892	STØVLER RONTANI STR	43	KU	10215 12.06.10
4013576003531	STØVLER NORA STR			10260 14.06.10
4013576003531	STØVLER NORA STR			10260 14.06.10

For alle bygningsmaterialer må det skrivast på kva bygning det er brukt på, og om det er vedlikehald, påkosting eller nybygg.

Varenavn	Leverert	Eni
19*148 mm Kledning gran e-fals 1sort	4 000,20	
Maskinsp 28*75 CN VF	8,00	
Transport	1,00	
Glava plate A37 300*570*1200	567,85	
Glava plate A37 200*570*1200	37,62	
Tyvek 1060B vindtett	5,00	
Kramper 140-8 eif	1,00	
Retur glava 200mm papir - faktura 10902	-564,30	

Kjødelager nybygg

Dersom du driv fleire næringer på garden, t.d. jordbruk og maskinstasjon, må du også merke kva næring dette bilaget høyrer til.

#### 4. Løns- og kontantutbetalningar

- Alle som har arbeidsgjevaransvar er plikta å ha ein skattetrekkkonto, der skattetrekk skal settast inn
- For å få frådrag i rekneskapet skal betaling som samla utgjør kr. 10.000 eller meir skje via bank, bankkort, kryssa bankremisse eller kryssa sjekk
- For lønsutbetalningar, og liknande periodiske utbetalningar, vil ein sjå på totalt utbetalt beløp pr. år
- Ved kontant utbetaling til avløyser på kr. 10.000 eller meir i løpet av eit år vil ein miste avløyser-tilskotet for dette beløpet pga. ein ikkje får utgiftsført den kontante utbetalinga til avløyser

#### 5. Kjøp og sal rundt årsskiftet

- I samband med årsskiftet kjøper du ofte noko i inneverande år, som ikkje forfell til betaling før neste når. Hugs å få med alle fakturaene på desse kjøpa og lever inn på inneverande år. Her treng ikkje faktura og bankgiro liggja saman.
- Tilsvarande gjeld også på inntektssida

#### 6. Kontoutskrifter frå leverandørar og varemottakarar

Lever inn alle kontoutskrifter du får frå leverandørar (kraftfôr, gjødsel osv.) og varemottakarar (meieri, slakteri osv.).

Me brukar desse til kontroll mot innleverte bilag gjennom året, for å sikre at me får med alle inntekter og kostnader i rekneskapet.

#### 7. Ved bruk av nettbank

- Skriv ut kontoutskrift for kvar månad, og bilag for innbetalningar
- Legg til dei firma og personar du betaler til i mottaksregisteret i nettbanken. Då vil namnet kome opp på bankutskrifta, og ikkje bare eit kontonr. du har betalt til. Dette gjer arbeidet vårt lettare.
- Eksisterande mottaksregister kan redigerast i ettertid sånn at du får lagt inn namn og bestemme kva som skal vise på kontoutskrifta.

30.01.12	3290.05.93367, COOP Klepp BA	-7.704,00	✓
30.01.12	83981049236	???	✓
30.01.12	8508.85.07555, Felleskjøpet...	-1.404,00	✓

Til meir orden det er ved innlevering av bilaga, dess færre timar går det til bokføring

= pengar spart for deg 😊



**Klepp Rekneskapslag SA**  
Postvegen 209  
4353 KLEPP ST.

Telefon: 5178 6990  
Telefax: 5178 6991

e-post: klepp@grl.no  
www.kleppgrl.no  
Org.nr. 971 557 397  
Bankkonto: 3290.05.90228